

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 18/2013**

2013/EØS/31/18

av 1. februar 2013

om endring av vedlegg IX til EØS-avtala (Finansielle tenester) og protokoll 37 om lista nemnd i artikkkel 101

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”EØS-avtala”, særleg artikkkel 98 og 101, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonsavgjerd 2010/C 326/07 av 2. november 2010 om oppnemning av eit europeisk fleirpartsforum for elektronisk fakturering (e-fakturering)⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) For at EØS-avtala skal fungere godt, må protokoll 37 til EØS-avtala utvidast til å omfatte det europeiske fleirpartsforumet for elektronisk fakturering (e-fakturering) som er skipa ved kommisjonsavgjerd 2010/C 326/07, og vedlegg IX til EØS-avtala må endrast for å omfatte framgangsmåten for tilknyting til forumet.
- 3) Vedlegg IX og protokoll 37 til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkkel 1

I vedlegg IX til EØS-avtala etter nr. 31ec (kommisjonsbeslutning 2010/578/EU) skal nytt nr. 31ed lyde:

”31ed. **32010 D 1203(02)**: Kommisjonsavgjerd 2010/C 326/07 av 2. november 2010 om oppnemning av eit europeisk fleirpartsforum for elektronisk fakturering (e-fakturering) (EUT C 326 av 3.12.2010, s. 13).

Nærmere regler for EFTA-statenes tilknytning i samsvar med avtalens artikkkel 101:

Enhver EFTA-stat kan utpeke en person som skal delta som observatør på møtene i det europeiske fleirpartsforumet for elektronisk fakturering (e-fakturering).”

Artikkkel 2

I protokoll 37 til EØS-avtala (om lista nemnd i artikkkel 101) skal nytt nr. 38 lyde:

”38. Det europeiske fleirpartsforumet for elektronisk fakturering (e-fakturering) (kommisjonsavgjerd 2010/C 326/07).”

Artikkkel 3

Teksta til kommisjonsavgjerd 2010/C 326/07 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkkel 4

Denne avgjerdtek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkkel 103 nr. 1 i EØS-avtala^(*).

Artikkkel 5

Denne avgjerdtek skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 1. februar 2013.

For EØS-komiteen

Gianluca Grippa

Formann

⁽¹⁾ TEU C 326 av 3.12.2010, s. 13.

^(*) Ingen forfatningsrettslige krav angitt.